

Hallo i nedslagsfeltet!

Vi hadde ein fantastisk klassesetur til Berlin og Krakow! Forventningane vart verkeleg overgått.. Det kjentest nesten som om vi var i ei eiga boble. Til saman køyrde vi meir enn 350 mil i buss, men takka være beine og fine vegar resulterte det ikkje i meir enn stive kroppar. Faktisk var bussturane veldig koselege! Første stopp etter overnattinga på danskebåten var Berlin, etter over 12 timar i buss frå Hirtshals. Allereie neste dag reiste vi vidare til Krakow. Der vitja vi dei berømte saltgruvene. Det var vanskeleg å førestille seg kor ekstremt store desse gruvene var! Vi vart guida rundt i eitt par timar, og eg synest at vi fekk sjå veldig mykje. Likevel var dette berre ein liten brøkdel av den enorme labyrinten av gangar, trapper og rom som finst der. Til saman er det over 300 km med gangar, og over 2000 uthogde rom. Mellom desse finst digre katedralar og kapell med uthogde lysekroner og skulpturar, laga av nettopp salt, samt innsjøar. Vi fekk også smake på veggane!

Medan vi var i Polen besøkte vi også Auschwitz-leirane. Med flinke guidar vart vi vist rundt både i Auschwitz I og Auschwitz II Birkenau. Det å sjå dei faktiske forholda, å sjå drøssevis med skor, koffertar, avklipt hår, barneklede osv. som har vore eignedelane til dei ihjelgassa jødane, gjorde veldig sterke inntrykk. Heile veggjar var dekte med bilete av menneske som vart drepne, og dette var berre ein ørliten del av dei 6 millionar menneska som måtte bøte med livet. Sjølv om eg ikkje fekk vete noko særleg meir enn eg visste frå før, var det veldig spesielt å faktisk vere i leirane, og å sjå den berømte hovudbygningen til Auschwitz II Birkenau, samt å høyre historier guidane fortalde oss.



*Auschwitz II Birkenau*

Etter 3 netter i Krakow busa vil tilbake til Berlin. Vi besøkte to andre konsentrasjonsleirar, Sachsenhausen og kvinne- og barneleiren Ravensbrück, men vi var også i sjølve Berlin sentrum.



*Ravensbrück*

Etter 8 netter på farten, mange opplevingar rikare og som ei meir samansveisa klasse, retta vi nasen heim mot Noreg. På veg nordover stoppa vi på grensa mellom Tyskland og Danmark, kor dei diverre selde alt for billeg godteri... Pluss at eg har fått eit veldig dårleg forhold til wienersnitzel, noko vi fekk servert fire gongar og som eg aldri skal ete igjen.

No i oktober er det «aktiv pause» på friidretten, men sidan dette gjeld mest for dei utøvarane som deltek aktivt på stevner, og eg ikkje er ein av dei, så prøver eg å leggje inn normalt med kondisjonstrening i tillegg til fotballen. På torsdag har vi den velkjende og til dels frykta «Mosvannstesten», ca. 3,1 km, som er årleg rutine for dei fleste skuleelevar rundt sentrumsområdet. Eg gruer meg litt, men forma er betre enn eg trudde - eg sprang nemleg rundt Mosvatnet i dag, og fekk betre tid enn eg nokon sinne har fått! Det lover bra 😊

Mi personlege form på ein skala frå 1 - 10 er i skrivande stund vurdert til:

8,0

- Andrea Berge Kastellet